

FØRDE ARBEIDARPARTI RESOLUSJONAR TIL ÅRSMØTE 2017

Innhald

1. Meir satsing på breiband i distrikta.	2
2. Arbeiderpartiet seier nei til konsekvensutgreiing i Lofoten, Vesterålen og Senja	3
3. Forbetring av kollektivtransport	4
4. Ja til reform av NATO	4
5. Nei til våpensal utanfor NATO	4
6. Asylmottaka i Førde	5
7. Skattenivået i Norge	6
8. Ein differensiert drivstoffavgift	7
9. Legalisere aktiv dødshjelp	8
10. Tilrettelegge og gjere det lettare for unge gründerar	9
11. Noreg ut av EØS	10
12. Berekraftig verdiskaping	11
13. Landbruksmeldinga	12
14. Vekstfremjande næringspolitikk i distrikta	12

1. Meir satsing på breiband i distrikta.

Framlegg:

Arbeiderpartiet ynskjer at staten skal løyva meir pengar til utbygging av breiband i distrikta.

Grunngjeving:

For at samfunnet skal fungere på best mogeleg måte er det essensielt at alle har tilgang til skule, helsetenester, arbeid og ikkje minst godt breiband - uavhengig av om du bur i by eller distrikt. Dette bygger på rettferdprinsippet. Kvar du bur i landet skal ikkje avgjere kor godt tilbod ein får, og kor godt ein skal leve.

I Sogn og Fjordane har berre 30% av befolkninga fullgodt breiband, noko som gjer oss til eit av fylka med dårlegast tilgang til internett i landet. Folk i distrikta har for dårleg tilbod og slit dagleg med tilgang til nett. Dette er problematisk på fleire måtar; mykje av den offentlege kommunikasjonen skjer på nett, innanfor til dømes skatt, helse og skule, og no er også posten begynt å bli digitalisert. Anna viktig informasjon blir og i større grad lagt ut på nettet, som til dømes ruteinformasjon, kino, arrangement, m.m. Det er også eit problem at elevar i skulen med ingen eller dårleg breibandtilgang, ikkje får gjort skulearbeidet skikkeleg.

Vi lever i eit land som stadig er i omstilling, teknologien blir betre og betre, og eit av områda som blir viktig framover, er bruken av velferdsteknologi i heimen. Dette vil og auke behovet for eit godt utbygt datanett i framtida. Ved hjelp av velferdsteknologi kan fleire eldre få tilbod om å bu lengst mogeleg heime, og dermed ikkje trenge institusjonsplassar.

Næringslivet i distrikta har etterspurt utbygging av breiband lenge, og viss ikkje meir blir gjort, vil konsekvensane bli at bedriftene ikkje klarar å yte best mogeleg, og heller ikkje jobbe så effektivt som ein kunne gjort viss ein hadde god nok tilgang på nett/breiband. Bedrifter i heile landet må få konkurrere på like vilkår. Det er mange kreative og flinke folk i utkant-Noreg og dei må få like moglegheiter til å utvikle seg, og å skape arbeidsplassar. Vi må ta heile landet i bruk! Dårleg breiband gjer fylket mindre attraktivt, og kan føre til at bedrifter og privatpersonar flyttar ut av fylket.

Arbeiderpartiet meiner at alle skal ha eit godt breiband uavhengig av kvar ein bur. Dette er ikkje noko som skjer over natta, men meir og betre satsing vil gjere at vi raskare når målet om å få eit fylke med godt breibandstilbod, som igjen vil gjere det meir attraktivt å flytte til, og å leve i distrikta.

Innstilling frå styret: Ber årsmøte støtte resolusjonen

2. Arbeiderpartiet seier nei til konsekvensutgreiing i Lofoten, Vesterålen og Senja

Framlegg:

Arbeidarpartiet skal seie nei til konsekvensutgreiing i Lofoten, Vesterålen og Senja.

Grunngjeving:

Oljeboring i Lofoten, Vesterålen og Senja har vore eit stridstema i det politiske Noreg i fleire tiår. AUF meiner det er på tide at Arbeidarpartiet tek ei endeleg avgjersle som sikrar forutsigbarheit i nord, framtida for fiskeri- og turistnæringa, samt Arbeidarpartiets klimatruverdighet.

Eit startskot for oljeboring i Lofoten Vesterålen og Senja tyder å binde opp ressursar i ein industri med usikre framtidsutsikter, og stor risiko. Korleis oljeboring vil føre til arbeidsplassar og økonomiske verknadar i lokalområda er særst usikkert.

Oljeboring i Lofoten, Vesterålen og Senja vil og føre til naturinngrep i eit av verdas mest sårbare havområder. Her er sårbar natur, og gyteområder for fisk. Å setje i gong oljeboring vil truge naturmangfaldet og fiskeriindustrien i området. Vi meiner vern av dei langsiktige fiskeriressursane skal vege tyngre enn dei til samanlikning kort tidshorisonten for oljeindustrien.

Olje er ikkje det einaste alternativet for Nord-Noreg. Oljeboring er ikkje den einaste framtidsretta næringsmoglegheita i nord. Eit tungt fokus på petroleum står i direkte konflikt med satsing på eksisterande næringar og fornybar energi. Oljeboring i nord står og i konflikt med Noregs internasjonale klimaforpliktingar. AUF vil at Noreg ikkje skal drive ein politikk som bryt med klimaforliket og einigheita i klimatoppmøtet i Paris. Petroleumsverksemda i Noreg bidreg årleg med 31% av norsk CO₂-utslepp. Usikkerheita i oljeindustrien i dag, må Noreg auke takta i omstillinga.

Det berande argumenter for å setje i gong konsekvensutgreiing av desse områda er at ein treng meir kunnskap. Dette argumentet fell på sin eigen urimelegheit, då det alleire er innhenta mykje kunnskap om oljeutvinning i nord. Ein konsekvensutgreiing er berre startskotet for oljeutvinning i eit område. Kvar einaste gong det er føreteke ein konsekvensutgreiing på norsk sokkel, har det enda med oljeutvinning i eit område.

Innstilling frå styret: Ber årsmøte støtte resolusjonen

3. Forbetring av kollektivtransport

Framlegg:

Arbeiderpartiet ynskjer at ein skal sette eit stort fokus på å forbetre kollektivtransporten i den nye storkommunen i indre Sunnfjord. Spesielt må det bli utbetra mellom dei noverande kommunesentra i Jølster, Førde, Gaular og Naustdal, og mellom desse kommunesentra og andre delar av den nye kommunen.

Grunngjeving:

Når vi frå 2020 slår saman kommunane Jølster, Førde, Naustdal og Gaular er det svært viktig at ein betrar kollektivtransporten i den nye kommunen. Vi må gje innbyggjarane, og spesielt ungdommane, eit betre kollektivt tilbod, og dermed gjere det enklare å flytte seg mellom dei tidlegare kommunesentra. Eit godt kollektivt tilbod er essensielt for at vi skal kunne ha ein desentralisert kommune, som legg til rette for at folk kan bu i utkanten av kommunen, og for at folk skal ha høve til å delta på arrangement eller nytte seg av tilbod i andre delar av kommunen.

Innstilling frå styret: Ber årsmøte støtte resolusjonen

4. Ja til reform av NATO

Framlegg:

Arbeiderpartiet meiner at det skal leggjast eit større fokus på NATO sitt prinsipp som ein forsvarsallianse. Reformere forsvaralliansen slik at den går tilbake til sitt prinsipp om at man aldri skal erklære krig mot andre land, med mindre eit av medlemslanda vert direkte angrepen av eit anna land. NATO skal ikkje ta på seg oppdrag frå FN.

Grunngjeving:

NATO er ein forsvarsallianse vart grunnlagt i ettertida av *Den andre verdskrigen*. Hovudtanken var at dei ulike landa som hadde mottatt Marshallhjelp frå USA etter krigen skulle vise motstanden sin til dei kommunistiske landa som var ein del av Warszawa-pakta. Om eitt av dei andre landa (i dag 28 stykk) vart angripne, så skulle dei andre gripe inn. I dag har derimot alliansen mista si hensikt. Operasjonar i Libya, Afghanistan og Bosnia var leda av NATO. Ingen av desse landa er medlem av NATO, og desse operasjonane vert difor kalla "Out-of-area-operasjonar". Desse typene operasjonar går mot hovudtanken til NATO om at dei skal vere ein forsvarsallianse, ikkje ein angrepsallianse.

Innstilling frå styret: Ber årsmøte å *ikkje* støtte resolusjonen

5. Nei til våpensal utanfor NATO

Framlegg:

Innføre forbod på eksport av norsk A- og B-materiell til land utanfor forsvarsalliansen NATO og at vi på lang sikt sjå på moglegheiter for å trappe ned våpenindustrien.

Grunngjeving:

Noreg er den dag i dag ein av verdas største eksportørar av våpen. Dette er ein særskild viktig industri for den norske økonomien, og staten eiger store andelar i våpenproduksjonsselskap som til dømes Kongsberg-gruppen. Det er derimot store problem knytt til våpenindustrien som må takast tak i. Noreg produserer ulike typar materiell, A og B materiell. Kategori A er direkte våpen og ammunisjon som kan gjere skade. Kategori B er øvrige forsvarsrelaterte vare som ikkje har desse eigenskapane. Det er viktig at vi ikkje differensierer desse ulike typane materiell. Når Noreg sel våpen til Saudi-Arabia som vert brukt til å massakrere sivilbefolkninga i Yemen, så er det på tide å stoppe. Når Noreg sel våpen som vert brukt i noko anna enn forsvarssituasjonar, så er det på tide å stoppe. Noreg har eit stort ry på seg som fredsnasjon, men dette er i ferd med å forsvinne. Noreg har blod på henda sine, og det er på tide å ta til handling.

Vedtak: Styret støttar ein del av intensjonen, men har bede forslagstillar endre litt i framlegget knytt til kven vi kan eksportere til og ikkje.

6. Asylmottaka i Førde

Framlegg:

Førde Arbeidarparti ynskjer at bystyregruppa skal jobbe for å kommunalisere asylmottaka i Førde. Førde Arbeidarparti ynskjer at det skal bli arbeida for å opprette meir samarbeid mellom Førde og kommunar det vil vere naturleg for Førde å samarbeide med angåande drift av asylmottaka, for å skape eit betre og tryggare arbeidsmiljø for dei ansatte.

Grunngjeving:

Arbeidarpartiet har eit prinsipp om at velferdsordningar skal vere styrt av det offentlege. Vi har oppdaga og dokumentert kritikkverdige forhold på asylmottaket på Bergum. Lite tyder på at HERO kjem til å ta naudsynt ansvar som eigar og driftsansvarleg for at det skal vere verdige forhold for bebuarane der, noko som tydeleg kjem fram i det metodiske arbeidet HERO har gjort med å motarbeide alle anklagar til det punktet at det er unekteleg. HERO har ikkje vist ansvaret eller seriositeten som må til for at ein skal drifte ein så grunnleggjande viktig samfunnsinstitusjon, og då må det offentlege

Vedtak: Styret støttar intensjonen i resolusjonen.

Forslagsstillar vert gjeven løyve til å legge inn forslaga som styret påpeikte.

7. Skattenivået i Norge

Framlegg:

Det generelle skattenivået må ligge på eit nivå som sikrar ein bærekraftig velferdsstat.

Formue og arv skal skattleggjast for å sikre ein rettferdig sosial utjamning.

Ein skal auke likningsverdien på sekundærbustad til 100% og gradvis fjerne rentefrådraget på sekundærbustad.

Ein skal gradvis innføre ein nasjonal eigedomsskatt.

Ein skal auke botnfrådraget på inntektsskatten til 2G, og redusere satsane for dei med dei lågaste inntektene.

At handlingsregelen og eit prinsipp om ansvarleg økonomi må liggje til grunn for all oljepengebruk.

Grunngjeving:

Arbeidarpartiet ynskjer eit samfunn med små skilnadar og like moglegheiter for alle. Å redusere dei sosiale skilnadane mellom folk er heilt avgjerande for den norske modellen. Gjennom eit progressivt skattesystem, kvar dei med dei breiaste skuldrane tar dei tyngste løfta, kan vi redusere dei sosiale skilnadane og bidra til økonomisk vekst.

Den norske modellen byggjer på tillit, samarbeid og fellesskap. For å sikre om oppslutninga for fellesskapsløysingar i møtet med auka konkurranse og private aktørar er det heilt avgjerande at det offentlege tenestetilbodet møter folk sine behov.

Den økonomiske utviklinga gjer at tiåra som kjem vil gje auka produktivitet og verdiskaping, som i neste omgang resulterer i auka kjøpekraft. Perspektivmeldinga frå 2013 fortel at om ikkje naudsynte grep bli gjort, vil velferdsstaten gå med 600 milliardar i underskot innan 2060. Det generelle skattenivået må difor liggje på et nivå som sikrar en bærekraftig velferdsstat, også for framtida.

I dag eiger dei rikaste 10 % av Noreg sin befolkning omkring halvparten av Norges samla formue. Arv er en viktig kjelde til ulikskap og skilnadar i Noreg. 77 av landets 100 rikaste har arva formuen sin og difor er skatt på arv viktig for sosial utjamning og rettferdig fordeling.

Innstilling frå styret: Ber årsmøte støtte resolusjonen

8. Ein differensiert drivstoffavgift

Framlegg:

Arbeiderpartiet ynskjer at vi skal differensiere drivstoffavgifta slik at den vert høgare i storbyar, enn i distrikta. Arbeiderpartiet ynskjer å auke drivstoffavgifta i dei områda der det kollektive transporttilbodet er godt utbetra. Arbeiderpartiet ynskjer at midlane som vi får inn ved å auke drivstoffavgifta i dei områda der det kollektive transporttilbodet er godt tilrettelagt, skal brukast på å finansiere eit betre og billegare kollektivt tilbod i distrikta.

Grunngjeving:

For at vi skal få til ei grøn omstilling er det viktig at folk byrjar å la bilen stå, og heller tar bussen eller andre kollektive transportmiddel. For at vi skal få det til, så må det være billegare og betre å ta kollektiv transport enn å kjøre bil. Difor har vi for eksempel sett ei drivstoffavgift. Det er eit aktivt hjelpemiddel som kan slå positivt ut slik at det blir meir freistande å ta kollektiv transport og dermed spare miljøet for unødig forureining.

Problemstillinga med ein slik drivstoffavgift er derimot at den er flat over heile landet, med unntak av nokre enkelt byar som til dømes Trondheim der bystyret har sett opp avgifta med ein krone. Den her flate drivstoffavgifta slår negativt ut på befolkninga i distrikt, der det tilnærma ikkje finst noko kollektivt tilbod som alternativ for å bruke bilen.

Vi meiner at ei slik drivstoffavgift må differensierast utifrå kor godt det kollektive transporttilbodet er.

Vedtak: Forslagsstiller får høve til å gjere naudsynte endringar fram til årsmøte.

9. Legalisere aktiv dødshjelp

Framlegg:

Arbeiderpartiet ynskjer at aktiv dødshjelp eller ein anna bestemt form for aktiv dødshjelp skal lovleggjerast for myndige pasientar med døds diagnose som er i slutfasen i livet. At pasienten må erklærast tilrekneleg og i stand til å ta sjølvstendige val av ein fagperson utanforståandes pasientens og legens aktuelle miljø. Miljø må her forståast som det konkrete sjukehus, sjukeheim eller liknande pasienten er i og alle personar forbunden med dei gjennom arbeidsforhold. At initiativet til å starte og fortsette prosessen alltid må komme ifrå pasienten og ønsket om aktiv dødshjelp må være sterkt og stabilt.

Grunngjeving:

Det eksistera eit reelt behov for legalisere aktiv dødshjelp i Norge i dag. Nordmenn som ligg for døden utan mogelegheit til å velje vekk livets siste liding, og at det må kunne gjerast på ein verdig og ordna måte. Aktiv dødshjelp må være eit tilbod som er tilgjengeleg for dei pasientane som likevel vil gå bort i nær framtid, som eit alternativ pasienten kan velje når vedkommande har med overhengande sannsyn for å gå bort. Førde AUF meiner aktiv dødshjelp må være eit verdig alternativ til ein sakte og smertefylt bortgang.

Det er essensielt at pasientens eigne initiativ leggst til grunn for heile prosessens framgang. Difor meina arbeidarpartiet at det gjennom heile prosessen må være pasienten sjølv som vil ha vidareføring av prosessen, samstundes som om at pasientens ønskje skal være sterkt og stabilt.

Arbeidarpartiet tenkjer også at det er nødvendig å involvere fagpersonar som er utanforståande det aktuelle miljøet som pasienten opphalde seg i (les: sjukehus, sjukeheim eller liknande) i prosessen, og krev difor at ein fagperson utanfor det aktuelle miljøet evaluerer pasientens psyke for å vurdere om den vedkommande pasienten er tilrekneleg og i stand til å ta eit sjølvstendig val.

Vedtak: det vart tre stemmer for og tre stemmer mot.

10. Tilrettelegge og gjere det lettare for unge gründerar

Framlegg:

Vi vil gjere det lettare for unge gründerar å starte opp, få hjelp, og gjennomføre ein bedriftside. Ved å tilsette ein grunderkonsulent i alle fylker som er tilgjengeleg til å hjelpe med registrering, meirverdiregistrering, økonomi og andre spørsmål innan bedriftsarbeid. I tillegg vil vi gjere kurs og informasjon endå meir tilgjengeleg for unge og skape ein møteplass for gründerar,

Grunngjeving:

Bedrifter har aldri vært viktigare enn det blir no i framtida. Vi treng nye idear og folk som tør å satse. Spesielt dei unge som sit inne med den neste store bedriftsideen. For i realiteten er ikkje det alle som likar å drive med idrett eller drive med musikk. Det er mange forskjellige unge personar som likar andre ting og har kanskje ein visjon om å skape noko nytt. Det er unge som vil prøve ut sin ide, men veit ikkje heilt korleis ein skal få det til. Det er personer som blir forvirra av den uendelege informasjonen på nettet og veit ikkje kven ein skal snakke med. Mange gründerar kjem seg ganske kjapt over 50.000 i inntekter og sit med eit spørjemålstegn om kva ein skal gjere. Korleis registrerar ein seg som momspliktig og korleis rapportera ein inn moms? kva er det moms på? Det er mange spørsmål og vanskelig å finne ut alt. Dette er fordi det er eit hav av informasjon på nettet, på til dømes altinn.no. Det er vanskeleg å finne ut kven ein kan få hjelp av, og når ein får hjelp er det ikkje godt nok.

Systemet er for dårlig og vi må gjere det lettare. Informasjonen må være enkel og konkret. Det må vere nokon i fylka som kan hjelpe på telefon, men og nokon ein kan gå til for å diskutere problem tilknytt registrering og andre spørsmål.

Vedtak: Styret støtter intensjonen i resolusjonen. Forslagsstiller har fått løyve til å endre nokre formuleringar fram mot årsmøte.

11. Noreg ut av EØS

Framlegg:

Norge må ut av EØS. Erstatt EØS med ei gjensidig balansert handelsavtale med EU, gjerne i forståing med britane.

Grunngjeving:

Førde AP meiner EØS-avtalen i dag fungerer som ei brekkstang mot den norske velferds-staten. Dei såkalla 4 fridomane som gjeld fri flyt av varer, tenester, kapital og arbeid re-presenterer ein liberalistisk økonomisk ide som, kombinert med euro-samarbeidet, har spelt fallitt, og fører til massiv arbeidsløyse i Europa. EØS-avtalen betyr at EU overstyrar norsk arbeidsliv. Fri flyt av arbeidskraft i EØS betyr meir sosial dumping. EØS krev at offentlege anbod vert utlyst i heile EØS-området. Påbodet er dyrt og tungvint for kommunar og fylke. Dårlegare mattryggleik er ein annan konsekvens av EØS. Importen av landbruksvarer frå EU er femdobla sidan avtalen vart inngådd. Ei ny handelsavtale med EU vil være meir fleksibel og tilpassa den nye situasjonen i Europa. Den aller viktigaste grunnen er likevel at EØS-avtalen er udemokratisk. Slik EØS-avtalen fungerer, innfører Norge i praksis alle nye marknadsreglar EU vedtek. Det er EU som foreslår og utarbeider dei nye reglane. Problemet er at den marknadsliberale EØS-avtalen er i ferd med å tvinge også norsk fagrørsle, med stadig lågare organisasjonsgrad, i kne.

Innstilling frå styret: Ber årsmøte å *ikkje* støtte resolusjonen. (4 mot to stemmer)

12. Berekraftig verdiskaping

Framlegg:

Sogn og Fjordane Arbeidarparti vil arbeide for at avgangsmassane på Engebø vert nytta fullt ut, dersom prosjektet vert realisert.

Dette inneber å sjå på verdien av verdiskaping gjennom utvinning av fleire mineral og foredling og utskiping av overskotsmassar. Dette vil gje langt fleire arbeidsplassar, mindre forureining, meirverdi i distriktet og ein meir attraktiv region.

Grunngjeving:

Regjeringa har gjeve Nordic Mining eit løyve som reduserer dei regionale moglegheitene for maksimal og berekraftig utnytting av ressursane i Engebøfjellet og i Førdefjorden. Det er planlagd å utnytte berre 3-4 % av ressursen i Engebøfjellet til framstilling av pigmentstoffet TiO₂.

Ved å sette krav om bruk av avgangsmassar, vil dette auke verdikjeda gjennom fleire arbeidsplassar og eit betre miljø. Eit døme for bruk av massane er eksport til Nederland.

Havnivået i Nederland stig med 6 mm for kvart år. For å kompensere for havstiging og erosjon blir det brukt 50 millionar tonn massar til dikebygging pr år. Dette foregår i stor grad ved å pumpe opp massar frå sjøen- noko som bidreg til betydelege CO₂- utslepp. Avgangen på Engebø, som utgjør 4-6 millionar tonn/år, kan difor utgjere eit monaleg bidrag i dette perspektivet. Massane frå Engebø er godt eigna, då dei har høg eigevekt, noko som er viktig for dette føremålet. Ressursen ligg ved kai og alt ligg dermed til rette for utskiping. Sintef antyder kr 40/ tonn i kostnad for transport til Nederland (Tschudi Shipping 2013), noko som gjer massen økonomisk interessant for dikebygging.

Krav om full utnytting av massane vil utgjere ei forlenga verdikjede med fleire distriktsarbeidsplassar, eit betre lokalmiljø, sikre attraktivitet i regionen og eit internasjonalt bidrag i klimasaka.

Innstilling frå styret: Ber årsmøte støtte resolusjonen

13. Landbruksmeldinga

Framlegg:

Førde Arbeidarparti stør Bondelagets og Bonde og småbrukarlagets kritikk av landbruksmeldinga til regjeringa. Både ut frå bustadføremål, matvaresikkerheit og næringstryggleik viser meldinga til feil politikk. Auka konkurranse og meir stordrift er ikkje den retninga som styrkar landbruksnæringa på Vestlandet og i Nord Noreg. Det er viktig med marknadsregulatorar som til dømes Tine, Nortura og Felleskjøpet.

Innstilling frå styret: Ber årsmøte støtte resolusjonen

14. Vekstfremjande næringspolitikk i distrikta

Framlegg:

Arbeidarpartiet må forme ein ny og vekstfremjande næringspolitikk i distrikta.

Grunngjeving:

Arbeidarpartiet må skape ein politikk for næringsutvikling og endringar i det offentlege som prioriterer distrikta. Det må bli betre balanse i veksten, der sterke sentraliseringseffektar av ny teknologi, nye kommunikasjonar, auka mobilitet på grunn av utdanning og sterk internasjonalisering ikkje berre kjem dei store byane til gode. Den store veksten i det offentlege byråkratiet i Oslo må stanse til fordel for ei omfordeling til beste for distrikta. Ein må søke å sameine det teknologisk mogelege med distriktsomsyn, slik at reformer kan bli til beste for heile landet. Kravet om overføring av oppgåver frå staten til regionnivå må vere absolutt, og også nye større kommunar må få tilført oppgåver og tenester som styrkar veksten. I dag er det rom for satsing med arbeidarpartistyrte Bergen og Hordaland i god dialog med oss i Sogn og Fjordane Arbeidarpart. Står vi samla og vinn valet til hausten, vil vi kunne forme det nye Vestland.

Innstilling frå styret: Ber årsmøte støtte resolusjonen